



## Vedlegg til søknad om støtte frå Hordaland Fylkeskommune

Manger Musikklag frå Nordhordland er eit av dei leiande brassbanda både nasjonalt og internasjonalt. MML sine 30 medlemmer er amatørmusikarar i alderen 16 til 50 år, busett i Bergen og Nordhordland. MML sine medlemmar er førebilete for mange korps-spelande barn og unge i regionen, og korpset er utnemnd til nasjonal MOT-ambassadør.

8.-9. juli 2017 deltek korpset i World Music Contest (WMC) i Kerkrade, Nederland. WMC er ein internasjonal konkurranse for brass band, wind band og fanfare band som vert arrangert kvart 4. år. I 2017 vil ca. 20 000 amatørmusikarar frå 250 ulike band delta i konkurransen. Manger musikklag er regjerande meister i Championship Division Brass Band frå WMC 2013, og er invitert til å delta i konkurransen også i 2017 for å freista å forsvare tittelen. MML er også invitert til å spele på WMC sin gallakonsert 10. juli.

Som opplading til konkurransen vil korpset ha eit opphald i den Nederlandske byen Leeuwarden 2. - 7. juli, der dei vil øve til konkurransen med sin dirigent Allan Withington, samt vere ein del av Allan Withington's Conductor Summer School. I Leeuwarden vil ein del av medlemmane innkvarterast privat hjå medlemmer i det lokale korpset Soli Brass, og MML vil og spele ein konsert saman med Soli Brass og lånar deira øvingslokale. I løpet av turen er det også planlagt ytterlegare kulturutveksling i form av ein konsert saman med det nederlandske fanfare-korpset Fanfare Saint Gabriel.